

Emne:	<b>Kontaktutval for Hordfast - Referat frå møte 5. desember 2014</b>	
Til stades:	Tom-Charister Nilsen, HFK Tord Bakke, Sweco Vidar Vorraa, Haugaland Vekst Ruth G. Eriksen, Sveio Kommune Bror E. Eriksen, Sveio Næringsforum Tom Knudsen, NHO Silvia Tofte, Kvinnherad næringssservice Gro Jensen Gjerde, Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS Kjetil Hestad, Tysnes kommune Sveinung Valle, Fylkesutvalet, HFK Magne Rommetveit, Stortinget, transportkomiteen Torill Eidsheim, Stortinget, transportkomiteen Signe Eikenes, Statens Vegvesen Synnøve Solbakken, Kvinnherad kommune Wenche Tislevoll, Fitjar kommune Roger Pilskog, LO Atle Kvamme, Bergen Næringsråd Asbjørn Moe, Etne og Vindafjord Næringsutvikling Hans Vindnes, Fusa kommune Terje Søviknes, Os kommune Anne-Grete Sandtorv, Stord Næringsråd Renate M. Klepsvik, Austevoll kommune Gustav Bahun, Samferdselsutvalet, HFK, Liv Kari Eskeland, Stord kommune Thorbjørn Aarethun, HFK Beate Lindegård, HFK Håkon Rasmussen, HFK Matti Torgersen, HFK	
Kopi	Fylkesutvalet Samferdselsutvalet	Sak: 2014/15115-37
Møtetid:	5. desember 2014 kl. 10.00-11.30	Møtestad: Auditorium Vestland, HFK

**Møteleiar: Tom-Charister Nilsen**
**1. Velkomen. Orientering om arbeidet så langt v/ fylkesordførar**

Fylkesordførar ønskte velkommen, og orienterte om at det vart avholdt møte i AU rett i forkant av møtet i kontaktutvalet.

**2. Status for arbeidet med ny E39 v/ Signe Eikenes, SVV**

Statens Vegvesen arbeider med ulike moglege trasear for E39 mellom Stord og Os. Det er gjennomført 3 folkemøte om E39 i hhv Tysnes, Stord og Os i eit samarbeid mellom SVV og HFK. I møta har SVV presentert status for arbeidet inklusiv mulege trasear som blir vurderte for ny E39. Fylkeskommunen ved fylkesordførar har m.a. orientert om mulegheitsstudien for fylkesvegar med tilknytning til ny E39. Det vart stort oppmøte og mange spørsmål / synspunkt på alle møta.

SVV har i møte med sentrale styresmakter 20. november fått klårgjort at Kommunal- og moderniseringsdepartementet blir plandepartement for planarbeidet og det departementet som skal vedta statleg plan. Planprosessen legg opp til eit planprogram og ein påfølgjande planfase som statleg plan på kommunedelplannivå. Deretter vil det bli gjennomført statleg reguleringsplan

SVV har presentert arbeidet med planprogrammet i Planforum 14. oktober. Berørte kommunar, statlege etatar og fylkeskommunen kom med førebelse synspunkt på dette arbeidet.

Planarbeidet for strekninga Stord-Bokn vert starta i 2015.

### **3. Gjennomgang av arbeidsplan for kontaktutvalet**

Utkast til arbeidsplan vart sendt ut føre møtet og gått gjennom på møtet. Denne skal oppdaterast fortløpande etter kvart som det er behov for det.

Viktige milepelar er knytt til NTP-prosessen og planarbeidet for E39. Etatsframlegget til NTP vert lagt fram vinteren 2016 med høyring i løpet av 1. halvår same år. Stortingsmelding for NTP 2018-27 vert lagt fram våren 2017 med handsaming i Stortinget før sommaren. Planprogrammet for strekninga E39 Os-Stord vert lagt fram våren 2015, og det er venta at utkast til statleg plan for strekninga vert lagt fram våren 2016. Både planprogrammet og planutkastet skal på høyring.

Det vert teke sikte på å arrangere ein Hordfast-konferanse til våren, i samband med høyring av planprogram for E39 og for framlegging av mulegheitsstudien for fylkesveggar knytt til E39 Bergen-Fylkesgrensa til Rogaland. SVV vil truleg arrangere høyringsmøter for planprogrammet til statleg plan i løpet av våren/tidleg sommar. Vidare vert det lagt opp til å arrangere konferansar i Oslo både i samband med høyring på etatsframlegget til NTP våren 2016 og i samband med stortingshandsaminga i 2018.

### **4. Finansieringsgrunnlag for E39 Stord- Os.**

Det blir sett i gang eit arbeid med finansieringsgrunnlag / bompengesøknad for E39 Stord- Os, med sikte på å få fram avklaringar i ein tidleg fase. I dette arbeidet skal det m.a. sjåast på potensialet for ferjeavløysingsmidlar, mulege bomsnitt og fritaksordningar, samt muleg takst og bompengepotensialet på strekninga. Dette skal leggjast fram i løpet av våren 2015. Endeleg finansieringsgrunnlag må utarbeidast etter vedtak av statleg plan Stord-Os.

### **5. Profileringsarbeid i regi av kontaktutvalet.**

Det vart avklart at kontaktutvalet skal ha tittel Kontaktutval for Hordfast. Det blir samstundes streka under at kontaktutvalet skal arbeide med heile strekninga Bergen-Stavanger, med særleg fokus på den delen som går mellom Os og fylkesgrensa til Rogaland.

Det vert laga ei eiga logo for Hordfast.

Det blir oppretta ei eiga nettside for Hordfast under [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no). Det blir ikkje laga ei Facebook side for utvalet, men HFK og andre sine Facebook-sider kan nyttast.

Det blir vindusprofilering i 1. etasje i fylkesbygget.

Det blir vidare utarbeidd m.a. informasjonspakke med standardpresentasjon for Hordfast på powerpoint , animasjon/film og ulikt profileringsmaterieil for E39 Hordfast.

### **6. Mulegheitsstudie for fylkesveggar knytte til ny E39 Bergen-fylkesgrensa til Rogaland.**

Sweco er vald som leverandør av konsulenttenester i arbeidet med mulegheitsstudien. Arbeidet starta opp 1. desember. Det er avtalt møte i administrativ referansegruppe, der alle aktuelle kommunar er representerte 6. januar. Framdrift og opplegg for arbeidet skal handsamast på dette møtet.

### **7. Eventuelt**

